



Grendamannen vart ein av dei mest legendariske pressefolk i landet. Her står han ved trykkmaskinen sin

For 50 år sidan, nærare bestemt 16. januar 1966, skreiv Grenda om det nye skulebygget i Uskedalen og Grendamannen Olav Aurvoll kunne melde at Uskedalsskulen var under tak. Han skreiv at det hadde gått fort frametter med reisinga av bygget etterat grunnarbeidet var ferdig og at det var kome så langt at det meste av veggane var oppe, taket på plass oig glasa innsette, Men ikkje overraskande hadde Aurvoll visse kritiske kommentarar.

Han konstaterte mellom anna at noko av taket var laga i den moderne stilen med mønet som hallar inn mot midten. Bladstyraren hadde denne kommentaren:

- Det er ein og anna som undrar seg over at det no skal vere naudsynt å bygge skulane i vidda utover all mark når dyrt grunnarbeid og og ikkje billeg tak truleg ville spare utlegg om ein hadde skulane i to høgder. Dei som har vit på slikt hevdar at det å gå ei trapp opp og og ned nokre gonger for dagen, er ei god mosjon og gagnleg for helsa både for vaksne og born, ikkje minst dei siste, så dersom det er eit tiltak for å gjera det lett for borna at alle skular no skal ha inngang frå leikeplassen, kan det vera spørsmål om ein ikkje gjer meir skade enn gagn med det.'

Aurvoll hadde imidlertid denne 'halen' på reportasjen:

- Vi vil på ingen måte la dette vere mynta på skulen i Uskedalen. Gjennom turar i andre bygder og landsluter, er det lett og sjå liknande anlegg som gror opp.

I den same avisa melder Grenda at Sigvald Eik er vald til ny formann i skulestyret, truleg utan at det har nokon samanheng med skuleprosjektet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto. Olav Aurvoll